

Møteprotokoll

Vinje kontrollutval

Dato: 03.06.2026 kl. 10:30

Stad: Glasrommet

Arkivsak: 26/00049

Til stade: Bjørnar Kalbach Christensen (Vtb), leiar
Kari Rustberggård (SV), medlem
Gunn Aslaug Seltveit Boe (Ap), medlem
Hilda Vaa (Sp), medlem
Vetle Frantzen (DIN), medlem

**Møtande
varamedlemmer:**

Forfall:

Andre: Ordfører Jon Rikard Kleven
Kommunedirektør Jan Myrekrok
Organisasjonssjef Margit Elise Karlsen
Kommunalsjef økonomi og samfunn Gry Åsne Aksvik
Økonomisjef Tore Åsland

Teamleiar rekneskapsrevisjon Elizabeth Kasin
Forvaltningsrevisor Anne Hagen Stridsklev

Utvalssekretær/rådgjevar Ingebjørg Liland

**Merknader til
innkallinga:** Ingen merknader til innkallinga.

**Godkjenning av
sakliste:** Sakslista vart godkjend.

**Godkjenning av
møteprotokoll:** Protokoll frå møtet 03.03.26 vart godkjend.

Møteleiar: Bjørnar Kalbach Christensen
Protokollfører: Ingebjørg Liland

Sakene blei handsama i følgande rekkjefølge: Sak 6/26, 9/26 – 10/26, 7/26 – 8/26, 11/26 – 13/26.

| Sakskart | | | Side |
|-----------------------------|-------------|---|-------------|
| Saker til handsaming | | | |
| 6/26 | 24/00825-20 | Oppfølging av forvaltningsrevisjon - Helse og omsorg - Arbeidsmiljø, sjukefråvær og bruk av vikar | 3 |
| 7/26 | 26/00487-1 | Avtale om følgetenester og jordmorberedskap | 4 |
| 8/26 | 26/00428-1 | Handtering av habilitet i folkevalte organ | 5 |
| 9/26 | 26/00374-1 | Revisor sin oppsummering om rekneskapsåret 2025 | 6 |
| 10/26 | 26/00376-1 | Årsrekneskap og årsmelding 2025 for Vinje kommune - kontrollutvalet si uttale | 7 |
| 11/26 | 26/00343-2 | Behandling av prosjektplan for forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll av Vest-Telemark kraftverk Holding | 8 |
| 12/26 | 26/00057-4 | Referatsaker 03.06.26 | 9 |
| 13/26 | 26/00052-4 | Innspeil til kontrollarbeid 27.05.26 | 10 |
| | | | |

Vinje, 03.06.2026

Bjørnar Kalbach Christensen

Saker til handsaming

6/26 Oppfølging av forvaltningsrevisjon - Helse og omsorg - Arbeidsmiljø, sjukefråvær og bruk av vikar

| | | |
|-----------------------|------------|--------|
| Handsama av | Møtedato | Saksnr |
| 1 Vinje kontrollutval | 03.06.2026 | 6/26 |

Innstilling frå sekretariatet

Kontrollutvalet tek tilbakemelding frå administrasjonen til etterretning.

Kontrollutvalet ber om ei ny attendemelding frå administrasjonen våren 2027, om tiltaka som er satt i gang etter rapporten har ført til forbetringar i sjukefråvesarbeidet i kommunen.

Møtehandsaming

Organisasjonssjef Margit Elise Karlsen orienterte om status på oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport. Kontrollutvalet stilte spørsmål i saka.

Omforent forslag til vedtak:

Kontrollutvalet ber om ei ny orientering i kontrollutvalsmøtet 02.12.26, om korleis rapporten er følgt opp i helse og meistring.

Våren 2027 ynskjer kontrollutvalet ei orientering om tiltaka som er satt i gang etter rapporten, har ført til forbetringar i sjukefråvesarbeidet i kommunen.

Votering

Samrøystes for omforent forslag til vedtak.

Vedtak

Kontrollutvalet tek tilbakemelding frå administrasjonen til etterretning.

Kontrollutvalet ber om ei ny orientering i kontrollutvalsmøtet 02.12.26, om korleis rapporten er følgt opp i helse og meistring.

Våren 2027 ynskjer kontrollutvalet ei orientering om tiltaka som er satt i gang etter rapporten, har ført til forbetringar i sjukefråvesarbeidet i kommunen.

7/26 Avtale om følgetenester og jordmorberedskap

| | | |
|-----------------------|------------|--------|
| Handsama av | Møtedato | Saksnr |
| 1 Vinje kontrollutval | 03.06.2026 | 7/26 |

Innstilling frå sekretariatet

Saka vert teken til etterretning.

Møtehandsaming

Kontrollutvalsleiar innleia i saka. Kommunedirektøren svarta ut kontrollutvalet sine spørsmål i saka. Ordfører kommenterte i saka.

Votering

Samrøystes for sekretariatet sitt forslag til vedtak.

Vedtak

Saka vert teken til etterretning.

8/26 Handtering av habilitet i folkevalte organ

| | | |
|-----------------------|------------|--------|
| Handsama av | Møtedato | Saksnr |
| 1 Vinje kontrollutval | 03.06.2026 | 8/26 |

Innstilling frå sekretariatet

Kontrollutvalet tar saken til etterretning.

Kontrollutvalet ber kommunestyret sørge for at det blir gitt god opplæring om habilitet i folkevalde organ, ved oppstart av ny kommunestyreperiode i 2027.

Møtehandsaming

Ordfører Jon Rikard Kleven og Jan Myrekrok kommenterte i saka.

Votering

Samrøystes for sekretariatet sitt forslag til vedtak.

Vedtak

Kontrollutvalet tar saken til etterretning.

Kontrollutvalet ber kommunestyret sørge for at det blir gitt god opplæring om habilitet i folkevalde organ, ved oppstart av ny kommunestyreperiode i 2027.

9/26 Revisor sin oppsummering om rekneskapsåret 2025

| | | |
|-----------------------|------------|--------|
| Handsama av | Møtedato | Saksnr |
| 1 Vinje kontrollutval | 03.06.2026 | 9/26 |

Innstilling frå sekretariatet

Kontrollutvalet tek revisor sin oppsummering for årsrekneskapan 2025 til etterretning.

Møtehandsaming

Teamleiar rekneskapsrevisjon Elizabeth Kasin la fram revisor si oppsummering av årsrekneskapan for 2025, og svara på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kommunalsjef økonomi og samfunn Gry Åsne Aksvik, økonomisjef Tore Åsland og kommunedirektør Jan Myrekrok kommenterte i saka.

Ordfører kommenterte i saka.

Votering

Samrøystes for sekretariatet sitt forslag til vedtak.

Vedtak

Kontrollutvalet tek revisor sin oppsummering for årsrekneskapan 2025 til etterretning.

10/26 Årsrekneskap og årsmelding 2025 for Vinje kommune - kontrollutvalet si uttale

| | | |
|-----------------------|------------|--------|
| Handsama av | Møtedato | Saksnr |
| 1 Vinje kontrollutval | 03.06.2026 | 10/26 |

Innstilling frå sekretariatet

Kontrollutvalet sin uttale til Vinje kommune sin årsrekneskap og årsmelding 2025:

Kontrollutvalet har handsama Vinje kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2025. Årsrekneskapen for Vinje kommune viser eit negativt netto driftsresultat på kr 3 531 861.

Revisor har lagt fram revisjonsmelding 29.05.2025. Revisor har lagt fram revisjonsmelding som stadfestar at årsrekneskapen og årsmeldinga er lagt fram i samsvar med lover og forskrifter og god kommunal rekneskapsskikk. Revisor har ikkje avdekt vesentlege feil eller manglar som krev atterhald eller presiseringar i revisjonsmeldinga og har avlagt ei «normalmelding».

Kontrollutvalet har hatt jamleg oppfølging med revisjonen gjennom året og i samband med årsoppgjeret. Kontrollutvalet har ikkje blitt kjent med forhold som bør ha betydning for kommunestyret si godkjenning av årsrekneskapen eller årsmeldinga for 2025.

Kontrollutvalet tilrår at Vinje kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2025 vert godkjent.

Uttalen vert sendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.

Møtehandsaming

Kommunalsjef økonomi og samfunn Gry Åsne Aksvik la frem årsrekneskapen for 2025. Kommunedirektør Jan Myrekrok kommenterte i saken.

Votering

Samrøystes for sekretariatet sitt forslag til vedtak.

Vedtak

Kontrollutvalet sin uttale til Vinje kommune sin årsrekneskap og årsmelding 2025:

Kontrollutvalet har handsama Vinje kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2025. Årsrekneskapen for Vinje kommune viser eit negativt netto driftsresultat på kr 3 531 861.

Revisor har lagt fram revisjonsmelding 29.05.2025. Revisor har lagt fram revisjonsmelding som stadfestar at årsrekneskapen og årsmeldinga er lagt fram i samsvar med lover og forskrifter og god kommunal rekneskapsskikk. Revisor har ikkje avdekt vesentlege feil eller manglar som krev atterhald eller presiseringar i revisjonsmeldinga og har avlagt ei «normalmelding».

Kontrollutvalet har hatt jamleg oppfølging med revisjonen gjennom året og i samband med årsoppgjeret. Kontrollutvalet har ikkje blitt kjent med forhold som bør ha betydning for kommunestyret si godkjenning av årsrekneskapen eller årsmeldinga for 2025.

Kontrollutvalet tilrår at Vinje kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2025 vert godkjent.

Uttalen vert sendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.

11/26 Behandling av prosjektplan for forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll av Vest-Telemark kraftverk Holding

| | | |
|-----------------------|------------|--------|
| Handsama av | Møtedato | Saksnr |
| 1 Vinje kontrollutval | 03.06.2026 | 11/26 |

Innstilling frå sekretariatet

Kontrollutvalet godkjenner prosjektplan for ein forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll av Vest-Telemark kraftverk Holding, med følgande problemstillingar:

1. Er kommunen si eigarstyring av Vest-Telemark Kraftlag Holding AS i samsvar med gjeldande krav og tilrådingar?
2. I kva grad har Vest-Telemark Kraftlag Holding AS følgd opp tiltak i aktsemdvurderinga for 2024 etter openheitslova?
3. Har styra i konsernet vareteke ansvaret for forvaltning av selskapa og tilsyn med dagleg leiar?

Møtehandsaming

Forvaltningsrevisor Anne Hagen Stridsklev la fram prosjektplan for ein forvaltningsrevisjon/eierskapskontroll av Vest-Telemark Kraftlag Holding AS.

Votering

Samrøystes for sekretariatet sitt forslag til vedtak.

Vedtak

Kontrollutvalet godkjenner prosjektplan for ein forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll av Vest-Telemark kraftverk Holding, med følgande problemstillingar:

1. Er kommunen si eigarstyring av Vest-Telemark Kraftlag Holding AS i samsvar med gjeldande krav og tilrådingar?
2. I kva grad har Vest-Telemark Kraftlag Holding AS følgd opp tiltak i aktsemdvurderinga for 2024 etter openheitslova?
3. Har styra i konsernet vareteke ansvaret for forvaltning av selskapa og tilsyn med dagleg leiar?

12/26 Referatsaker 03.06.26

| Handsama av | Møtedato | Saksnr |
|-----------------------|------------|--------|
| 1 Vinje kontrollutval | 03.06.2026 | 12/26 |

Innstilling frå sekretariatet

Referatsakene vert tekne til etterretning.

Møtehandsaming

Kontrollutvalet fekk lagt fram følgande referatsaker:

1. Innkommen post
2. Aktuelle artiklar

Votering

Samrøystes for sekretariatet sitt forslag til vedtak.

Vedtak

Referatsakene vert tekne til etterretning.

13/26 Innspel til kontrollarbeid 03.06.26

| Handsama av | Møtedato | Saksnr |
|-----------------------|------------|--------|
| 1 Vinje kontrollutval | 03.06.2026 | 13/26 |

Innstilling frå sekretariatet

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak.

Møtehandsaming

Ingen saker.